

# **KULTURMELDING 2011**

## **HEMSEDAL KOMMUNE**



Vedteke i Kommunestyret 08.12.2011 sak 153/11

## **Innhald**

1.	KOMMUNEPLAN 2009-2021 SAMFUNNSDELEN .....	2
2.	HEMSEDAL BIBLIOTEK .....	4
3.	MUSIKK- OG KULTURSKULEN .....	8
4.	UNGDOMSKLUBBEN .....	11
5.	HEMSEDAL UNGDOMSRÅD .....	13
6.	OPPGRADERING AV KULTURSALEN .....	15
7.	BYGDEBOK FOR HEMSEDAL .....	17
8.	SPRÅKLEGE TILHØVE .....	17
9.	KULTUR I BARNEHAGEN .....	19
10.	KULTUR I SKULEN .....	20
11.	DEN KULTURELLE SKULESEKKEN .....	23
12.	KULTUR I HELSE OG OMSORG .....	24
13.	FRIVILLIGSENTRALEN .....	26
14.	KULTURBYGG .....	26
15.	KULTURMINNE .....	27
16.	KULTURLANDSKAP .....	28
17.	KULTURFORMIDLING .....	29
18.	MUSEUM - BYGDATUNET .....	30
19.	BYGDEARKIVET .....	32
20.	IDRETT .....	32
21.	KULTUR, NATUR OG FRILUFTSLIV .....	34
22.	BARN OG UNGE .....	35
23.	VENNSKAPS-KOMMUNESAMARBEID .....	35
24.	LAG OG ORGANISASJONAR .....	37
25.	OVERSIKT OVER LAG OG ORGANISASJONAR .....	37
26.	ORGANISERING .....	40
27.	BUDSJETT TIL KULTURELLE AKTIVITETAR .....	41
28.	ETTERORD .....	42

## **1. KOMMUNEPLAN 2009-2021 SAMFUNNSDELEN**

### **Kultur**

**Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre mangfaldet innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrett styrke kjensla av samhald og felleskap i bygda.**

#### **Nosituasjon og utfordringar:**

Hemsedal er ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv, og mange frivillige lag og organisasjoner. Laga og organisasjonane er svært aktive og involverer barn og unge i gode fritidsaktivitetar tilpassa den enkelte. Idrett og friluftsliv saman med dialekt, musikk, dans og andre kulturuttrykk skapar livskvalitet for innbyggjarar og tilreisande.

Hemsedal tek vare på tradisjonane, men gir også rom for nye skikkar og uttrykk.

Biblioteket er ein viktig møtestad både for fastbuande og tilreisande. Lokalet er godt eigna for konserter og andre kulturarrangement. Biblioteket, som også er skulebibliotek, har stor aktivitet og mykje besøk og det kan vere behov for utviding av opningstidene.

Fritidsklubben er open to gonger i veka og er eit tilbod for ungdom i alderen 12-16 år.

Klubben skal vere ein arena for positive sosiale aktivitetar og vere eit alternativt tilbod som femner om uorganisert sport og leik.

Kommunen har idrettsanlegg nær Trøim sentrum med kunstgrasbane. Skiområdet på Gravset har utvikla seg til å bli eit område for både skileik for dei minste og til utgangspunktet for eit skiløypenet med mange mil oppkøyrd løyper. Begge desse anlegga kan utviklast vidare.

Hemsedal skisenter er i tillegg til å vere eit reiselivsområde, også eit viktig aktivitetsområde for alle aldrar, noko spesielt barn og ungdom set pris på. Utfordringa for kommunen dei neste åra er å få til eit bade/symje-anlegg. Dette er aktivitets- velferdsanlegg som mange etterspør, og som har vore ein draum i Hemsedal i mange år.

Kyrkja er både statskyrkje og folkekirkje. Innan det kyrkjelege arbeidet er kyrkjelyden den grunnleggjande parten. Soknerådet har ein avgjerande plass som styringsorgan og skal ta vare på

kommunestyret sitt kyrkjelege ansvar og set mål for kyrkjesektoren.

Kyrkjebygget er eit veleigna konsertlokale der kulturlivet og kyrkja mellom anna har felles arrangement. Dette samarbeidet må vidareutviklast.

### **Me vil:**

- At Hemsedal tek vare på sin kulturelle identitet.
- Ha gode arbeidsvilkår for frivillige lag i kommunen og gje rom for eldsjeler innanfor kulturtiltak.
- Ta vare på faste kulturminne, gamle hus og bygningsmiljø.
- Ha ein aktiv fritidsklubb.
- Ha eit attraktivt bibliotek som møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling.
- At alle som ynskjer det får tildelt plass ved musikk- og kulturskulen.
- Ha attraktive idretts- og aktivitetsanlegg.
- Legge til rette for at kulturen i framtida kan bli eit enda større fortrinn for bygda når det gjeld utvikling av spennande reiselivsprodukt sumar og vinter, og supplere tilboda som finst i dag.
- At samarbeidet mellom kommune og kyrkje må vidareutviklast til fordel for felles arrangement. Vidare å ha ei inkluderande kyrkje som femner om forskjellige kulturar og gir støtte til enkeltmenneske i ulike livssituasjonar.

### **Difor skal kommunen:**

- Vidareutvikle samarbeid med reiselivet, lag og organisasjonar om synleggjering av idrett, store arrangement, kulturminne og kulturprosjekt.
- Styrke samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum for å sikre best mogleg innsamling, forvalting og formidling av lokalhistorisk materiale.
- Legge til rette for eit tilbod med meiningsfylte aktivitetar for alle aldersgrupper.
- Syte for at biblioteket kan tilby tradisjonelle biblioteknester samstundes som det vert teke i bruk framtidssretta IKT-løysingar. Vidare å styrke biblioteket som bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfold.
- Saman med idrettslag og andre aktuelle aktørar vidareutvikle Gravset og idrettsanlegget ved Hugnadheim.
- Arbeide aktivt for å få til bade/symje anlegg i kommunen.
- Saman med kyrkja arbeide for at kyrkja både som institusjon og lokale er open og inkluderande for alle i ulike livsfasar og livssituasjonar.

## **2. HEMSEDAL BIBLIOTEK**



### **Status**

Biblioteket er ein viktig møtestad for fastbuande og tilreisande.

Biblioteket, som også er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk, har stor aktivitet og mykje besök.

Småbarnsfamiliar, eldre, flyktingar og nytiflytte er grupper av menneske som nyttar biblioteket sine tilbod i større grad enn andre. At desse gruppene dei siste åra har vakse sterkt i Hemsedal, fører til sterkare arbeidspress og etterspurnad etter stadig fleire ulike biblioteknester.

Kultur- og oppvekstsjefens omfattande ansvarsområde gjev lite rom for samarbeid mellom kultursjefen og biblioteksjefen om langsiktig planlegging av bibliotekverksemda.

Språkutvikling og lesestimulering er viktige satsingsområde i helsestasjonen, barnehage og skule. Den regionale språk- og leseplanen peikar på biblioteket som ein naturleg og nødvendig samarbeidspartner.

I samarbeid med Hallingdal karrieresenter har biblioteka i Hallingdal starta eit prosjekt for etablering av eigne studiemiljø i biblioteka. Ved oppretting av ein friluftshøgskule i Hemsedal må det vurderast kva for tilbod biblioteket bør/ må tilby. Det er behov for utviding av opningstidene og avsetjing av tid for dei tilsette til kontinuerlig kompetanseheving.

Biblioteklokalet er godt eigna for konsertar og andre kulturarrangement. Samarbeidet med ulike lag og organisasjonar om arrangement har vore godt.

I 2014 vil biblioteket vere ti år. Oppussing og fornying av inventar vil vere naudsynt i perioden.

#### **Mål:**

Biblioteket skal vere ein attraktiv møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling.

Biblioteket skal vere ein reiskap for informasjon, livslang læring og oppleving.

Biblioteket skal vere bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.

Biblioteket skal heile tida vere på høgde med den teknologiske utviklinga når det gjeld formidling av informasjon, kunnskap og oppleving.

Biblioteket skal så langt som mogleg ha opningstider tilpassa brukaranes behov.

#### **Mål for 2011 – 2014:**

##### **2011:**

- Samarbeid med helsestasjonen: utplassering av bøker og boksjekk til 1-åringar.
- Samarbeid med barnehagane: bokkasser og formidling.
- Oppretting av samarbeidsorgan mellom folke- og skulebiblioteka.
- Biblioteket som studieverkstad: samarbeid med Hallingdal karrieresenter.
- Leseombod – Bok til alle.
- Aktivitetar for nye hemsedøler – språkkafè, lesesirklar, utstillingar o.a.
- Oppbygging av boksamlingar på framandspråk, hovudsakeleg engelsk, tysk og svensk.

##### **2012:**

- Utviding av opningstida
- Nye tilbod: e-bøker, spel, musikk og filmar via nettet.

##### **Heile perioden:**

- Kompetanseheving: kurs og etterutdanning.
- Formidling – arrangement og utstillingar for barn og vaksne.
- Samarbeid med lag og organisasjonar i Hemsedal.
- Styrking av samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum for å sikre best mogleg innsamling, forvaltning og formidling av lokalhistorisk materiale.
- Profilering og marknadsføring av biblioteket.
- Samarbeid på regionalt og nasjonalt nivå.
- Fullføring av området utanfor bibliotekfasaden.

- Fullføring/ innreiing av bibliotekfoajèen/ gjesteinngangen til skulen/ inngangen til bygdearkivet.
- Oppussing av lokalet. Nye møbler.

**Tiltak:**

- Biblioteket er ein uformell og nøytral møtestad for dei som bur i og besøkjer Hemsedal: gamle, unge, fastbuande, asylsøkjarar, turistar og sesongarbeidrarar.
- Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.
- Biblioteket har stor aktivitet og mykje besøk. Utlånet pr innbyggjar har i mange år vore det høgaste i Buskerud – det dobbelte av gjennomsnittet både i Buskerud og i heile landet. Også i dei fyrtse åtte månadene av 2011 auka utlånet - med 11 % samanlikna med 2010.
- Via Hallingdalsløftet har kommunane i Hallingdal ynskt å sikre kvaliteten på språk- og leseopplæringa for barn og unge. I den regionale språk- og leseplanen har ein synleggjort korleis biblioteket er og skal vere ein viktig bidragsytar.
- Stadig fleire vaksne vel å ta studiar, kurs og vidareutdanning via nettet. Og stadig fleire av desse, også i Hemsedal, brukar biblioteket som arbeidsplass. I samarbeid med Hallingdal karrieresenter har biblioteka i Hallingdal starta eit prosjekt for etablering av eigne studiemiljø i biblioteka.
- Den raske digitale utviklinga stiller store krav til biblioteka. Kontinuerleg oppdatering av dei tilsette sin kompetanse og innkjøp av relevant teknisk utstyr er ei utfordring.
- Bibliotekbrukarar med ulik språkbakgrunn skaper behov for litteratur på stadig fleire språk.
- Dei siste åra har det ikkje vore løyvd pengar til innkjøp av bøker ved skulebiblioteka på Tuv og Ulsåk. Dei faste boksamlingane har etter kvart vorte svært små, og gjev eit dårlig tilbod til elevane.
- Biblioteklokalet er godt eigna for små konserter og andre kulturarrangement. Ytringsfridom og mangfold er nøkkelord. Samarbeidet med ulike lag, organisasjonar og einskildpersonar om arrangementa har vore godt.
- Den høge aktiviteten i biblioteket fører til stort arbeidspress. Talet på overtidstimar er høgt. Praktisk arbeid hopar seg opp. Nødvendig tid til samlingsutvikling, administrativt arbeid, planlegging, lokalt og regionalt samarbeid samt kompetansebygging, er vanskeleg å finne.

- Foajéen utanfor biblioteket, som òg er gjesteinngang for skulen og inngang til bygdearkivet, er framleis ikkje ferdig innreia.
- I 2014 vil biblioteket vere ti år. Inventar og lokale tek til å bere preg av slitasje.
- Biblioteket er ein del av det nasjonale og regionale biblioteknettverket.



**Mål:**

**Kultur, læring og ytringsfridom. Identitet, nyskaping og nettverksbygging**

- Biblioteket skal vere den mest attraktive og avanserte møtestaden i lokalmiljøet, for livslang læring, litteraturformidling og medierettleiing, bøker og dokumentasjon.
- Biblioteket skal vere ein aktiv bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.
- Biblioteket skal stimulere til og samarbeide om ulike kulturelle arrangement i biblioteklokalet.
- Biblioteket skal ha opningstider tilpassa brukaranes behov.
- Biblioteket skal vere ein samarbeidspartner i den offentlege informasjonsstrategien og innan turistinformasjonen.
- Biblioteket skal vere ein synleg medspelar i lokale nærings- og kulturtiltak.
- Biblioteket skal vere ein støttespelar i vidareutviklinga av merkevara Hemsedal.
- Biblioteket skal samarbeide med bygdearkiv og museum om innsamling, forvalting og formidling av lokalhistorisk materiale.

## **Utfordringar**

- Kompetansebygging
- Utvida opningstid
- Større personalressursar
- Tid til samlingsutvikling - tradisjonell og digital
- Tilrettelegging for livslang læring
- Samarbeid med skule, barnehage og helsestasjon
- Bok til alle - leseombod og samlingar
- Bibliotektilbod til fleirkulturelle brukarar

Samarbeid regionalt, nasjonalt og lokalt.

## **3. MUSIKK- OG KULTURSKULEN**



### **Status:**

Musikk- og kulturskulen har om lag 100 elevar, med til saman om lag 140 elevplassar hausten 2011. Elevane kjem frå grunnskulen og vidaregåande skule, med hovudvekt på grunnskulen. Det er stor etterspurnad om plass også for vaksne, men skulen har ikkje kapasitet til å ta inn denne gruppa.

Skulen har om lag 2,2 årsverk. I tillegg kjøper me noko frå andre kommunar.

Aukande folketal i kommunen har ført til at talet på søkerar for 2011-2012 er større enn nokon gong. Om lag 20 elevar er på venteliste.

Skulen har tilbod i individuell- og gruppeundervisning innan musikk, dans og drama.

Hovudmengda av undervisning går føre seg på Hemsedal barne- og ungdomsskule, men også Ulsåk skule vert nytta.

Lokala ved Hemsedal barne- og ungdomsskule er ikkje tilpassa musikk- og kulturskulen. Det er behov for m.a. lydtette undervisningsrom, tilpassa utstyrssrom og arbeidsplassar for lærarane.

Skulen sel tenester til grunnskulen, barnehagane og bygdaheimen. Kulturskulane innan Hallingdal kjøper og sel tenester til kvarandre.

#### Mål:

- Alle som ynskjer det skal få plass i musikk- og kulturskulen. Ventelista skal bort, slik det vart vedteke i 2002.
- Kulturskulen skal legge til rette for ei opplæring som fremjar glede i skapande verksemd, personleg vekst og kunstnarisk utvikling hjå elevane, og som bidreg til eit meiningsfylt liv.  
Musikk- og kulturskulen skal kunne gje tilbod til vaksne.
- Musikk- og kulturskulen skal kunne gje undervisning innan eit vidt spekter av kulturuttrykk.
- Musikk- og kulturskulen bør utviklast slik at fleire lærarar kan få større stillingar.
- Musikk- og kulturskulen må få lokale som er tilpassa behova til elevar og lærarar.
- Musikk- og kulturskulen vil kunne vere eit naturleg ressurssenter innan musikk og andre kunstfag.
- Etablere ein type førskule for alle elevar, uansett alder, slik at dei har eit visst musikalsk grunnlag før dei startar med eit instrument eller andre aktivitetar.



**Tiltak:**

- Jobbe for å halde på lærarane ved t.d. å kunne tilby større stillingar, og gje lærarane interessante utfordringar.
- Skulen må få meir lærarressursar for å kunne gje tilbod til fleire.
- Skulen må tilførast ressursar som gjer det mogeleg å få tid til anna enn rein fast undervisning, t.d. å kunne vere med på prosjekt i barnehage, skule, fritidsklubb, drive bandverksemd, halde kurs for barnehage- og skuletilsette.
- Lokale tilpassa kulturskulen: t.d. oppruste/ byggje om eksisterande lokale på kommunehuset, sjå på andre lokale, t.d. Bygdheim, eller bygge ut 3.etasje på Hbu, slik planen opprinneleg var.

#### **4. UNGDOMSKLUBBEN**



Hemsedal Ungdomsklubb er ein rusfri, sosial møteplass for ungdom. Tilbodet er ope for all ungdom frå 12 til 18 år to dagar i veka. Klubben er på ungdomens eigne premissar og skal ikkje vere for vaksenstyrt. Ungdomen tek sjølve del i drifta av klubben. Klubben skal femne om all ungdom, men er spesielt mynta på dei som ikkje er med på organisert idrett eller kultur. Klubben skal styrke det sosiale miljøet blant ungdomen i Hemsedal og gje ungdomen ein foreldre-fri men trygg og rusfri stad der dei kan danse, spele spel eller berre slappe av.

#### **Status:**

Besøkstalet på Ungdomsklubben er bra og varierer frå 15 – 45 pers. på onsdagar og frå 25 til 50 personar på fredager. Gjennomsnittet må vere omkring 32 (flest i ungdomsskule alder)

Klubben har prioritert opprusting av lokala dei siste to åra og ungdomen har vore med i prosessen. Lokala er nå tilfredsstillande som ungdomsklubb. Lydutstyr, spel og inventar er no oppdatert og i god stand.

I tillegg til fritidsleiar har klubben ein stabil gjeng tilkallingsvakter på om lag 5 personar, som er skikka og motivert for jobben.

Miljøet på og rundt klubben er svært bra. Lite mobbing, hærverk og konfliktar. Problem med rus/alkohol på og rundt klubben finst mest ikkje.

Uteområdet kunne ha vore meir innbydande og det kunne ha vore fleire/betre element for å skate og sykle. Ungdomen fekk gjennom idrettslaget midlar til sykkelhopp. Gravearbeid er berre starta, pengane strakk ikkje til.

Ungdomane sjølve vaskar lokala. Ideen er god, men dette fungerer ikkje i praksis. Lokala er aldri reine, slik dei skal vere.

**Mål:**

Få oppretta vaskestilling i tilknyting til ungdomsklubben (8% stilling)

Oppretthalde stabil gjeng med eigna tilkallingsvaktar på klubben

Halde fram med å vidareutvikle fritidstilbodet (materielt sett) og pusse opp lokala og uteplassen.

I samråd med ungdomsrådet arrangere fleire rusfrie ungdomsdisco og arrangement for ungdomen i Hallingdal på andre arenaer enn på klubben.

**Tiltak:**

Tilsetjing av reinhaldar ved ungdomsklubben.

Tiltak	2011	2012	2013	2014
8 % Reinholdsstilling, Frå 1.08.2011	14.000	33.000	33.000	33000

Fullføre sykkelhopp sommaren 2012, om lag kr. 10000,-

Ungdomsdisco på Experten for all ungdom i Hallingdal og liknande.

## **5. HEMSEDAL UNGDOMSRÅD**



Hemsedal Ungdomsråd er eit organ som har jamlege møte og som er knytt til kommunepolitikken. Rådet skal fremje ungdommen sine interesser i Hemsedal og skal ha reell makt. I tillegg til å jobbe med eigne saker skal rådet samarbeide med politikarar og administrasjon, gje råd i politiske saker, planarbeid med meir. To rådsmedlemmer representerer Hemsedal i Hallingdal Ungdomsråd, som jobbar med regionale saker.

### **Status:**

Ungdomsrådet vart oppretta 1. januar 2010 og har fungert svært bra. Rådet har fått igjennom eiga politisk sak og har gitt råd til politikarar i politiske saker og planarbeid.

Rådsmedlemmene tek initiativ og fritidsleiar fungerer no berre som ein sekretær.

Rådsmedlemmene har vore på kurs og konferansar. Dei har lært og opplevd mykje.

## **Mål:**

Nærare samarbeid mellom politikarar/administrasjon og ungdomsrådet. Ungdomsrådet får fleire politiske saker til uttale.

Rådet skal marknadsføre seg blant ungdomen i Hemsedal, stimulere til ungdomsengasjement og sjå til at ungdom som ikkje er med i ungdomsrådet, også blir høyrt.

Rådet skal stelle i stand arrangement for ungdomen.

## **Tiltak**

Ungdoms-disko på Experten for all ungdom i Hallingdal

Arrangement ”skummelt oppdrag” i Hemsedal for all ungdom i Hallingdal

## **UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING**

Ungdommens Kulturmønstring gir all ungdom i Hemsedal høve til å delta på ei kulturmønstring. Mønstringa har ein låg terskel for å vera med lokalt, og dei som byr på kvalitet kan koma vidare til Fylkes- og Landsmønstring. Fleire ungdomar frå Hemsedal har vore med langt og skaffa seg viktig erfaring for å vidareutvikle talentet sitt

## **Status**

Talet for påmelde dei siste par åra frå Hemsedal har vore varierande. Fleire har kome vidare til fylkesfinale og fått mykje ut av deltakinga.

Hemsedal tek del i felles lokal mønstring med dei andre hallingdalskommunane.

Mønstringa finn stad på Ål kulturhus og er svært velorganisert med profesjonelle lyd- og lysfolk.

Påmelde får lite/inga oppfølging i forkant av mønstringa.

## **Mål**

Betre oppkjøringa til den lokale mønstringa og tiltrekke seg fleire påmelde.

Påmelde må få oppfølging i forkant av mønstringa.

## **Tiltak**

Betre marknadsføring

Hallingdal UKM camp over to dagar med fagleg oppfølging og moro. Pris pr. kommune frå 8 til 10 000,-

## **6. OPPGRADERING AV KULTURSALEN**

### **Status:**

Kommunestyret gjorde i sak 50/10 vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på oppgradering av kultursalen m.m. Arbeidsgruppa la fram for formannskapet forslag til framdriftsplan med kostnadskalkyle juni 2011. Saka vart utsett.

### **Mål:**

- Digitalisering av Hemsedal kino.
- Flytte lokalitetane til musikk- og kulturskulen frå Hemsedal barne- og ungdomsskule til kommunehusbygget.
- Nødvendig teknisk oppgradering av kultursalen med tilhøyrande rom.
- Utvikle kultursalen slik at han gir rom for utvida aktivitets bruk, og samstundes sjå på inntektspotensialet ved utvida bruk.

### **Tiltak og økonomi:**

**2011:** **Digitalisering av Hemsedal kino** vart gjennomført sommaren 2011 gjennom ekstraløyving frå kommunestyret. I tillegg ytte Samhald ungdomslag kr 300 000 til digitalisering av sjølve kinomaskina.

**2012:** **Vurdere lokalitetar til Hemsedal musikk- og kulturskule.** Arbeidsgruppa konkluderte med at nye øvingsrom ikkje bør opprettast i hallen. Ny plassering kan ev vere i kjellaren, på Bygdheim eller utbygging av ein 3 etasje på HBU (jf. teikningar då HBU vart utvida)

**2013:** **Oppgradering av scene** og rom i tilknyting til scena.

Garderoben vert frigjort til scenebruk. Scenegolvet har nivåforskjell, el-tavla treng fleire kursar og scena treng brannvarsling. Det er viktig at scena vert ein god arbeidsplass for utøvarar på scena

Lydanlegget for kino må byggjast ut til kultursalbruk. Utbetring til låsbare faldedørar under scena i staden for frontsceneteppe, slik at ein kan sikre kostbart utstyr. Reingjering av scene- og bakteppe.

Kostnadsrekna til kr 483.000.

## **2014: Opprusting av amfi og hall**

Amfiet er utruleg slitt og treng absolutt ei oppgradering. Amfiet vart kjøpt brukt for ca. 15 år sidan og har 75 sitteplassar.

Arbeidsgruppa har innhenta tilbod på nytt amfi med 120 sitteplassar.

I tillegg har gruppa fått tilbod frå Hallingmøbler om å trekke om eksisterande amfi og tilbod frå Fargerike Hemsedal om nytt golvbelegg og måling av røyrsystem til det gamle amfiet.

Hallen er nedslitt og treng oppgradering med nytt golvbelegg og malte overflater.

Utbetreibungspartiet, slik at det vert brukeleg for funksjonshemma.

Kostnadsrekna til kr 600.000 ved opprusting ev. ved nytt amfi kr 976.000.

## **2015 Opprusting av kultursalen.**

Kultursalen vart bygd som fleirbruksal, gymsal, kinosal, kultursal, møterom og øvingsrom.

Salen er generelt nedslite, lite triveleg og treng ei oppussing.

Salen manglar varmekjelde til oppvarming, DBC tilrår radiatorar.

Når det gjeld golvet er det konstatert svikt i bjelkelaget på fleire plassar. Komplett nytt golv må leggjast med isolasjon, ev. reparasjon av eksisterande golv, innblåsing av isolasjon og nytt golvbelegg.

Måling av veggar, søyler og bjelkar i tak.

Montering av dørspeglar framfor speglane. Det er viktig at desse vert stabile.

Utskifting av belysning er nødvendig.

Ventilasjonsanlegget er 30 år og er for lengst utgått på dato. Det er ikkje lenger mogleg å skaffe delar til anlegget.

Kostnadsrekna til kr 1.533.000.

## **2016 Opprusting av garderoben**

Garderobeanelegget vart bygd for 45 år sidan og er ikkje rehabiliter i heile denne perioden.

Garderobane har i dei seinaste åra vore nytta til lager og verkstad for vaktmeistrar. Ved alle typar scenearrangement manglar utøvarar omkledingsrom, dusj, sminkerom og rekvisittrom.

Garderoben må setjast i stand til slik type aktivitet. Det er behov for 2 stk. dusjar med omkledingsrom, 2 stk. servantar og 1 stk. wc, og ventilasjon må monterast.

Arbeidsgruppa har foreslått å frigjere garderobar frå 2013, når scena skal oppgraderast.

Kostnadsrekna til kr 854.000 inkl. ventilasjon

## **7. BYGDEBOK FOR HEMSEDAL**

### **Status:**

Den fyrste slektshistoria frå Hemsedal er frå tidsperioden 1693-1923. Seinare kom slektshistoria (som på folkemunne vert kalla ”Flataboka” etter forfattaren Hans Flaten I i ny utgåve. Den tek føre seg historia fram til 1975.

Det er gjort eit grundig arbeid med innsamling av slektsopplysningar og materiale, som allereie er systematisert. I 2009 bad Historielaget kommunestyret om å ta opp saka om vidareføring av bygdeboka. Kommunestyret fekk saka opp til behandling i juni 2010.

### **Mål:**

Bøkene må bli eit praktverk med fine bilete og god grafisk formgjeving. Tradisjonelt har ”bygdebok” tydd bokverk, gjerne i mange band, som i tillegg til gards-, slekts- og allmennhistorisk stoff også inneheld utgreiingar om til dømes geologien i området, flora og fauna, målføre, stadnamn, folkeminne og andre emne knytte til bygda. Vidareføring av bygdeboka må fylgje denne tradisjonen.

### **Tiltak og økonomi:**

Kommunestyret har i sak 66/10 oppnemnt ei bygdeboknemnd med representantar frå Historielaget, Bygdearkivet, teknisk etat og kulturetaten. Nemnda skal utarbeide kriterium og budsjett for arbeidet med bokverket. Nemnda er i arbeid og vil hausten 2011 leggje fram forslag til plan og budsjett for arbeidet.

## **8. SPRÅKLEGE TILHØVE**

Språket utgjer ein berebjelke i den kulturelle identiteten i alle kulturar. I Hemsedal var dialekten så å seie einerådande som talemål fram til for få tiår sidan. Med aukande tilflytting har dette naturleg nok endra seg, og det relativt store innslaget av tilflytte frå andre land og kulturar gjer språksituasjonen i bygda vår endå meir mangfaldig og innfløkt.

Dei fleste er samde om at det ville vera eit tap om dialekten skulle bukke under i denne språklege smeltedigelen. Det er ynskjeleg at flest mogeleg held på dialekten, både for å styrke den kulturelle identiteten og som ein del av «merkevara» Hemsedal. Like fullt er det tydeleg at barn og ungdom lett vrakar det lokale talemålet og går over til eit slags bokmål, jamvel om dei er fødde og oppvaksne i Hemsedal og har foreldre herifrå. Ei undersøking som Hemsedal Mållag gjennomførte ved HBU i 2010, i samarbeid med skulen, syntet at dei aller fleste elevane hadde ei svært positiv innstilling til dialekt- og dialektbruk. Men når det kom til praksis, kva talemål dei brukte i skulen og i kameratflokkene, var det eit lite fåtal som nytta dialekt. Dette tyder på at presset i retning av å leggje av seg det lokale talemålet er svært sterkt. Utan eit bevisst arbeid for å motverke dette, er det lite truleg at dialekten vil overleva.

Noko av det same gjer seg gjeldande for nynorsk skriftmål. Med sin nære slektskap med talemålet i Hemsedal har nynorsken vore ein naturleg del av språkarven vår og det dominerande skriftspråket i skulen. Med stor tilflytting frå delar av landet der bokmål er det daglegdagse skriftmålet, er dette ikkje så enkelt lenger. Det gjev nye utfordringar, ikkje minst i skulen. Nynorsk og bokmål er jamstelte nasjonale skriftmål som alle skal lære, og språkleg mangfold er det overordna målet for den nasjonale språkpolitikken. Såleis er det grunnlag for å akte særleg på at nynorsken held stand som ein viktig del av den lokale språkarven.

Mål:

Å styrke den språkarven vi har i Hemsedal.

Verkemiddel:

Arbeide for større merksemrd om språket som ein viktig identitetsberar i hemsedalskulturen. Dette kan skje ved samarbeid mellom kultursektoren i kommunen, barnehage, skule og lag og organisasjonar.

## **9. KULTUR I BARNEHAGEN**



### **ARBEID MED BEGREPET KULTUR I BARNEHAGANE I HEMSEDAL**

I Rammeplanen for barnehagen er det tema som barnehagane skal arbeide med, der målet er å bli kjent i nærmiljøet og bygda vår Hemsedal  
Her er eksempel på korleis barnehagen arbeider med dette.

#### **NATUR, MILJØ, TEKNIKK**

- Vegetasjon
- Ut på tur i skog og mark
- Bli kjent i nærmiljøet
- Gardsbesøk
- Skogen
- Elva
- Fjellet
- Feire sola som kjem attende(Tuv)
- Mate dyr og fuglar.
- Kjeldesortering, lære om og vera med på å sortere søppel i barnehagen

#### **SAMFUNN/RELIGION/ETIKK**

- Bygdatunet / kyrkja / forfattarar i Hemsedal
- Lære om Hemsedal i gamle dagar

#### **ESTETISKE FAG**

- Lære gamle folkeviser frå Hemsedal/Hallingdal
- Lage kunstutstilling
- Trearbeid/rose måling/saum

## **KULTUR OG TRADISJONSARBEID I BARNEHAGEN.**

Bygda vår har mykje kultur og rike tradisjonar. Her er det gards- og stølsdrift, offentlege bygningar som bl.a. Bygdatunet, kyrkja og Bygdaheimen. Tradisjonell mat, folkedans og song/musikk er også med på å gjera Hemsedal til ei tradisjonsrik bygd.

Segn om Hydalskallen, Klukkarsteinen, Kjaften og Olav-tjernet er spanande og hemsedaldialekten er sjølvsagt ein viktig del i dette temaet. Barnehagen har mange ulike språk og nasjonalitetar, og bokmål er ein språkform som er vel etablert blant borna våre. Derfor kan ord som bl.a. kjakji, kydn, kvikaku, brokji, spelug og knødn vera med på å skape undring blant barna.

## **10. KULTUR I SKULEN**

### **Status:**

Skulane har mange og spanande prosjekt med fokus på heimstaden og kjennskap til lokal kultur og tradisjon.

Gjennom ein kulturell plan som syner eit stort mangfold har skulane sett mål og innhald i system.

### **Mål:**

Utviklinga av identiteten åt kvar einskild skjer ved at ein lever seg inn i nedarva veremåtar, normer og uttrykksformer. Opplæringa skal derfor ta vare på og utdjupe den kjennskapen elevane har til nasjonale og lokale tradisjonar - den heimlege historia og dei særdrag som er vårt bidrag til den kulturelle variasjonen i verda. Samtidig fortel kulturhistoria at kontakt med andre og forskjellige livsformer gir høve til overraskande kombinasjonar og til kollisjonar mellom ulike syn. Skulen sitt mål er at møtet mellom ulike kulturar og tradisjonar skal gi både nye impulsar og grunnlag for kritisk refleksjon.

**Tiltak:**

Følgjande hoved- og lokale tema gjeld for Hemsedal kommune.

Klassetrinn	Hovudtema
1.	Biletkunst
2.	Musikk
3.	Skulptur
4.	Teater
5.	Dans
6.	Form og design
7.	Litteratur
8.	Arkitektur
9.	Musikk
10.	Film og media

Gjennom kulturell formidling skal elevane få ei vid kulturell læring, og sikre at alle som går ut av grunnskulen i Hemsedal kommune har med seg:

- god lokalkunnskap knytt til kommunen si historie og estetiske miljø
- kunnskap, refleksjon og opplevelingar knytt til dei ulike utrykksformene film, teater, musikk, litteratur, biletkunst, skulptur og arkitektur.



Elevane ved Tuv og Ulsåk skular får kvart år kulturelt opplegg i fellesskap der målet er kjennskap til bygda.

Klassetrinn	Hovudtema Tuv og Ulsåk
1.	Bygdatunet som viser den gamle garden
2.	Klokkarsteinane som formidlar segn. Skuletime på Løken gamle skule der elevane får høre og sjå korleis skulen var før i tida. Hemsedal i steinalderen – attende til dei gamle fangstplassane og den gamle busetnaden i Vabuleino.
3.	Kyrkja. Presentasjon og historia rundt stavkyrkja og kva den betydde for folk i Hemsedal
4.	Brekkefossen med intakt mølle.
5.-10	

I handlingsplan for dei einskilde skulane er det fokus på historie og tradisjon.

Tuv og Ulsåk skular har tradisjonsmatveke og fokus på heimbygda i ei fast temaveke på hausten

Klassetrinn	Hovudtema Tuv	Hovudtema Ulsåk	Hovudtema HBU
1.	Tema haust: Bake flatbrød og kinne smør. Tema vår: Hauste av naturen	Alle 1. – 4. klasse: Tema haust: Innhausting: lage grønsaksuppe, bake flatbrød og lage vassgraut.	7. trinn: Tema kyst. Tur til Kragerø, livet i fjæra, kulturlandskap (Jomfruland).
2.	Tema haust: Steike lappar og bake gommobakels. Tema vår: Plantefarging		8. trinn: Tema arkitektur. Besøke museet Nesbyen med omvising. Teikne eit av husa.
3.	Tema haust: Koke ekte småmat. Tema vår: Fuglar i Hemsedal	Alle 1. – 4.klasse: Tema vår: Lage småmat og kvikaku på tradisjonelt vis.	9. trinn: Tema musikk. Lage en forestelling. (Samarbeid mellom norsk og musikkfaget.)
4.	Tema haust: Fiske og bruk av fersk fisk. Tema vår: Raku		

Turar i fjellet skal gje kjennskap til ulike delar av bygda. Det vert fortalt kva fjell og elvar heiter, knausar og tjern og ei segn der det høyrer heime. I ein plan er dette fastsett slik:

Klassestrinn	Fjelltur Tuv	Fjelltur Ulsåk	Fjelltur HBU
År 1	Fekjan	Faste haust- og vårturar;	
År 2	Ershovdtjern	Fekjan - Trøim	8. klasse: Hydalen
År 3	Halsene	Hydnetjern	9. klasse: Snøholetur
År 4	Hydnetjern	Storhovda (v. Gravset)	

Dei siste to åra har 4. klassingane fått vera med ordførar Oddvar Grøthe på opplegg omkring ”Vårt lokalsamfunn”. Ordføraren er med og underviser. Målet er å gje elevane større innsikt i arbeids- og næringsliv. Elevane skal få forståing for kva rolle næringslivet i dag har for samfunnet.

## **11. DEN KULTURELLE SKULESEKKEN**

### **KUNST – OG KULTURFORMIDLING FOR BARN OG UNGE**

#### **Status:**

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal utvide barn og unges opplevelingar og læring innan kunst og kultur som famnar om fortid, notid og framtid. Han skal gje lokalkunnskap om kommunens historie, estetiske miljø og kjennskap til naturen rundt oss. DKS skal ta i bruk ulike uttrykksformer som teater, musikk, dans, film, litteratur, biletkunst, skulptur og arkitektur. DKS skal også bidra til auke kompetansen innan dei ulike fagområda.

Hemsedal kommune får årleg eit tilskot frå Buskerud fylkeskommune til drift av DKS.

Den kulturelle skulesekken skal gje alle grunnskuleelevarne minst to årlege møte med profesjonelle kunstnarar. Det er kulturpolitisk viktig at ein via DKS får gitt både nyskapande og kvalitativt gode kulturmøte.

**Mål :**

- Skuleelevar skal få minst to årlege møte med profesjonelle kunstnarar.  
Biletkunst skal finnast i kommunale bygg.

**Tiltak:**

- Gjennom Den kulturelle skulesekken skal alle skuleelevar i Hemsedal få minimum 2 møte i året med profesjonelle kunstnarar.
- Hemsedal kommune set av eigne midlar for å styrkja DKS-arbeidet i kommunen.
- Det skal utarbeidast plan for DKS-arbeid i Hemsedal kommune. Denne skal rullerast annakvart år.
- Ved alle nybygg bør det setjast av 1,5 % av budsjettet til kunst/ utsmykking.

**12. KULTUR I HELSE OG OMSORG**

## DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

### Status:

- Dette er ei gruppe samansett av representantar for Hemsedal pensjonistlag, Hemsedal eldreråd, Historielaget, Frivilligsentralen, Helse og omsorg og Kultur og oppvekst.

Det har vore fleire arrangement i løpet av året der profesjonelle har underhelde, som på haustfesten, opninga av sansehagen, diverse arrangement på bygdaheimen, i kinosalen og på biblioteket. I tillegg er det song og musikk kvar tysdag for bebuarane på bygdaheimen. Eksempel på arrangement:

- Johannessen skifter genser
- Prøysenviser
- Brelett
- Folkemusikkutøvarar frå Ungdomsmiljøet på Torpo
- Hemsedal Trekkspelklubb

### Mål:

- Å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- Å legge til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det blir utvikla gode kunst- og kulturprosjekter lokalt innanfor et mangfald av sjangrar og uttrykk
- Å bidra til at eldre får et tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre er i daglelivet
- Hemsedal kommune har sidan 2008 søkt og fått midlar til Den kulturelle spaserstokken.

### Tiltak:

- Vidareutvikle samarbeidet i Den kulturelle spaserstokken
- Samarbeid med musikk- og kulturskulen - underhaldning 1 gong i veka  
Trekkspelklubben og Syng med oss kjem regelbunde på besøk
- Stølsbesøk for sjukeheimen og omsorgsbustader 1 gong pr. år
- Aktivitetsgruppe på sjukeheimen som arrangerer festar for eldre fleire gonger i året
- Aktivitetsgruppe som arrangerer sitteddans, prøver å utvikle musikk som terapi
- Karatreff der godt vaksne karar møtest på Bygdaheimen.

- Bondekvinnelaget / andre frivillige kjem innimellom og har bakstedagar
- Barnehagen kjem på besøk regelbunden og bakar i lag med dei eldre
- Skula som er innom – Lucia, Karneval, korsang med meir
- Andakt på bygdaheimen
- Oversøring til Bygdaheimen frå Kyrkja

## **13. FRIVILLIGSENTRALEN**

### **9.2 Status:**

- Frivilligsentralen i Hemsedal har i dag som hovudoppgåve å administrere utkøyring av middagsmat til brukarar i Hemsedal.
- Utkøyring av kommuneposten
- Arrangere torsdagstreff for eldre med aktivitetar på Frivilligsentralen
- Arrangere strikkekaffi
- Besøksteneste med salsvogn på Bygdaheimen

### **Mål:**

- Auke bruken av Frivilligsentralen
- Auke besøkstalet/rekruttere nye brukarar ved arrangement på Frivilligsentralen

### **Tiltak:**

- Auke samarbeidet mellom lag og organisasjonar for å få fleire yngre til å delta i frivillig arbeid

Nytt «festlokale» i tidlegare bassengrom på helselagshuset vert ferdigstilt til jul. Helselaget vil få betre høve til å leige ut. Det vil også føre til auka driftskostnader for eigedomsavdelinga.

## **14. KULTURBYGG**

### **Status:**

Hemsedal kommune har mange bygg som kan nyttast til kulturarrangement.

Kultursalen, Biblioteket, Trøimshallen, Kantina ved HBU for å nemna nokre.

Alle er eigd av kommunen.

Hugnadheim er kommunalt eigd, men Samhald ungdomslag disponerer.

Hemsedal ungdomsklubb held til i kjellaren men vert drifta av Hemsedal kommune.  
Kyrkjestugo er kommunal eigd, men Hemsedal sokneråd disponerer den  
Kyrkja er det Hemsedal sokneråd som eig.  
I tillegg har vi Ulsåk Bedehus eigd av Hemsedal Normisjon. Hemsedal kristelege ungdomslag  
har ungdomsklubb i kjellaren laurdagskveldane (KUHL)  
Grendastugu på Tuv er kommunalt eigd, men disponert av grenda.  
Alle vert i større eller mindre grad nytta av lag og organisasjonar og privatpersonar til  
arrangement av ymse slag.

**Mål:**

- Hemsedal kommune må syte for at lokalna er i god stand til bruk for lag og  
organisasjonar.

**Tiltak:**

- Auke ramma for vedlikehald av kommunale «kulturbrygg»

## **15. KULTURMINNE**

Kulturminne er etter Kulturminnelova alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. Det kan vera knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. Kulturminne frå før 1537 og bygg frå før 1650 er automatisk freda.

**Status:**

I Hemsedal har vi mange automatisk freda kulturminne. Gjennom Hallingdalsprosjektet som vart finansiert gjennom kommunane, vart det på siste halvdel av 1980 talet registrert mange kulturminne i bygda. Nokre døme på fornminne i Hemsedal er spor etter tidleg busetjing og fangstsysten med 16 fangstgraver ved Vavatn, stokkebåten ved Vannin m.fl, spor etter jernutvinning og kolgroper. Klokkarsteinen og Olavstjernet ved Geiteberget er døme på plassar det knyttar seg segn til. Kommunen har også kulturminne frå nyare tid, som rydningsrøyser, bekkekammer m.m. I kulturminnebasen Askeladden er kulturminne frå Hallingdalsprosjektet og andre registrert og kan søkast opp ved oppslag i kart.

Hemsedal har også SEFRAK registrerte bygg i kommunen. Dette er eit register over eldre bygningar i kommunen frå før 1900. SEFRAK registreringa omfattar kartfesting, oppmåling og fotografering av objekta. Det kan også vera med litt utfyllande tekst. Dei fleste bygga frå før 1900 i kommunen er med i denne registreringa.

**Mål:**

Hemsedal ynskjer å sikre at kulturminna i kommunen vår vert tekne vare på, og for å bli teke vare på må vi vite om dei. Utarbeiding av kulturminneplan i kommunen med kartfesting av kjente kulturminne er ei målsetjing. Kulturminneplan bør i tillegg til ein kartdel innehalde eit register over alle fornminne og nyare tids kulturminne med noko informasjon kring kvart einskild kulturminne. Det er også ynskjeleg å arbeide med skilting og bruk av kulturminne i reiselivsamanheng. Eit døme på dette er Kongevegen.

#### **Tiltak:**

Kunnskapsformidling til oppveksande generasjon i skule og barnehage. Utarbeide kulturminneplan med registrering av kulturminne i bygda, både fornminne og kulturminne frå nyare tid.. Marknadsføre SMIL, ei tilskotsordning for restaurering av kulturminne / gamle hus i kulturlandskapet.

### **16. KULTURLANDSKAP**



Kulturlandskapet er forma i samspel mellom naturkraftene og menneska sin aktivitet og er difor i stadig endring.

#### **Status:**

Kulturlandskapet har fleire verdiar / miljøgode som ikkje direkte kan prissetjast og omsetjast i ein marknad, men befolkninga og reiselivet nyt godt av desse miljøgoda. Det særeigne og opne kulturlandskapet i Hemsedal er eit resultat av aktivt landbruk, men eit meir mekanisert landbruk, mindre bruk av utmarka og redusert beitetrykk, fører til at mange område står i fare for å gro att. Stølsdrifta har også lange tradisjonar i Hemsedal, men talet på stølar i drift vert stadig færre. Ivaretaking av kulturlandskapet er ein viktig samfunnsfunksjon for landbruket i tillegg til å produsere mat. Eit langsiktig overordna mål i kommuneplanen for Hemsedal er å ta vare på kulturlandskapet slik at ikkje dette blir øydelagt. Det har vore registrering av viktige

kulturlandskap og biologisk mangfald i kommunen. Her er fleire lokalitetar registrert i kategoriane lokalt viktig, regionalt viktig eller nasjonalt viktig biologisk mangfald / kulturlandskap. Dei større samanhengande område mellom Imre og Grøthe gardane er registrert, Jordheimstølane, samt fleire andre område. Registreringane på desse områda er ikkje fullstendige, og vil kunne forandre seg over tid.

Utførte registreringar som er gjort i Hemsedal:

- «Eit landskaps kulturkvaliteter» frå 1996 av Oskar Pushmann, der delar av bygda er registrert.
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, 1999 Fylkesmannen i Buskerud. Her vart to verdifulle område, Hydalen landskapsvernområde og Bygdatunet, plukka ut. Denne registreringa vart på ny gjennomgått i 2004.
- Naturtypekartlegging utført i 2001 av Hans Ivar Nesse. Her vart 67 kulturlandskapslokalitetar plukka ut. Denne registreringa vert no gjennomgått på nytt i 2011 - 2012.

#### **Mål:**

Hegne om eit aktivt landbruk, som grunnlag for produksjon av mat og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar. Arbeide for tilskotsordningar som vektlegg dette, som kulturlandskapstilskot, tilskot til stølsdrift og tilskot til dyr på beite. Vidareføre kunnskap om landbrukstradisjonar som ljåslått, hesjing, lauving o.l. Likeeins tradisjonar knytte til stølsdrifta.

#### **Tiltak:**

Stimulere landbruksorganisasjonar og historielag til å spreie kunnskap om landbrukstradisjonane våre. Til dømes arrangere slåttedag. Utarbeide beitebruksplan for kommunen der viktige kulturlandskap vert kartlagt og opplyst om. Informere om tilskotsordningar knytt til landbruket som fremmar kulturlandskapet og biologisk mangfald som til dømes: SMIL, RMP, kulturlandskapstilskot, tilskot til organisert beitebruk og kommunale tilskot.

## **17. KULTURFORMIDLING**

Hemsedal kommune har saman med ulike lag og organisasjonar ansvar for at det særeigne med Hemsedal og Hemsedals-kulturen ikkje vert gløymt bort, men halde i hevd og vidareført til nye generasjonar.

**Status:** Hemsedal har mange aktive lag og organisasjonar som er gode verktøy i kulturformidlinga. Såleis har samarbeid mellom Historielaget og Mållaget fått fram bokserien

«Hemsedal gjennom tidene», der mykje historie og kulturhistorie er samla. Hemsedal har også eit aktivt Husflidslag som er med og vidarefører drakt og handverkstradisjonar.

Bygdearkivet er viktig i samband med å ta vare på materiale som fortel bygda si historie, og Hemsedal mållag jobbar aktivt med den språklege kulturarven i skrift og tale. Her kan særleg nemnast institusjonen «Trøll i Ord», som formidlar barnelitteratur og forteljekunst til dei minste, og det arbeidet mållaget gjer for å skjerpe interessa for og kunnskapen om dialekta vår hos barn og unge. Fleira av organisasjonane arbeider aktivt mot skule og barnehage. Bondelag og Bondekvinnelag formidar historie og tradisjonar knytt til landbruket.

#### **Mål:**

Folket i Hemsedal skal ha kunnskap om bygda si historie og tradisjonar. Dette er viktig for at bygda og innbyggjarane skal bygge sin kulturelle identitet.

#### **Tiltak:**

Hemsedal er ein kommune som er rik på landbrukstradisjonar, og desse tradisjonane står enno sterkt. Legge til rette for at landbruket og landbruket sine organisasjonar skal utføre eit viktig samfunnsbidrag gjennom å sikre og formidle kulturarven knytt til landbruket også for komande generasjonar. Syte for gode arbeidsvilkår for lag og organisasjonar som er viktige kulturberarar, og bruke dei fora vi har, mellom anna Hemsedal Historielag, Husflidslaget og Hemsedal Mållag, til å formidle tradisjonar og kulturarv slik at dei kan sikrast for framtida.

## **18. MUSEUM - BYGDATUNET**



#### **Status:**

Hemsedal Bygdatun – Øvre Løkji vart i 1956 kjøpt av Hemsedal kommune og gjort til bygdatun. Garden er heilt unik, har stugu, stolphus, låve, fjøs og stall, dessutan ei smiu litt

unna tunet. Ei badstugu (frå Heggjistad) er sett opp på den staden Øvre Løkji tidlegare hadde badstugu.

Tunet med hus og innbu gjev eit godt bilet på koss det var å leva på ein gard i Hemsedal på 1700 – 1800 talet. På Øvre Løkji syner det framleis korleis bøndene bygde opp steingardar og steinhaugar for å få mest mogleg ljåslått og fórhausting i inn- og utmark.

Frå tunet går det fleire stigar som delvis fylgjer dei gamle stølsvegane til fjells. I utmarka er det set opp ei stølsbu (frå Embriksgarden) og ei fórluu (frå Fagerset).

Hemsedal Bygdatun har ein sjeldan samling av velhaldne bygningar. Jordbrukslandskapet rundt dannar ei verdifull ramme rundt tunet. Hemsedal bygdatun vert vurdert samla sett å ha svært høg kulturhistorisk verdi. I kulturlandskapssamanheng har Hemsedal Bygdatun nasjonal verdi.

Hallingdal museum har laga ein skjøtselsplan for Hemsedal Bygdatun – den skal fylgjast opp med praktisk gjennomføring. Omvisarmanus vert utarbeidd for spesialtema.

For sesongen 2011 er det hyra inn ein ungdom som skal visa handverket i praksis – hesjing og ljåslått.

Hemsedal Bygdatun har 9 bygningar. Museet har ikkje museumslag.

#### **Mål:**

- Ta vare på Bygdatunet med gamle hus og bygningsmiljø og gjera det til ein sentral plass for formidling av Hemsedals historie.

#### **Tiltak:**

- Styrke samarbeidet mellom Hemsedal Kommune og Hallingdal Museum for å sikre best mogleg forvaltning og formidling av lokalhistoria.

#### **Organisering/Økonomi:**

Hemsedal kommune hentar inn to medlemmar, ein frå administrasjon og ein politikar til styret for Hallingdal Museum. No sit Tori Snerte med Helga Søland som varamedlem og Marit Wøllo som varamedlem for Harald Sundsøy. Hemsedal kommune yter fast tilskot kr 108.000 til Hallingdal Museum via kulturbudsjettet.

## **19. BYGDEARKIVET**

### **Status:**

Hemsedal Bygdearkiv er eit lokalhistorisk arkiv eigd av Hemsedal kommune.

Hemsedal Historielag har ansvaret for dagleg drift. Dei har lokale i tilknyting til Hemsedal Bibliotek og har samla inn materiale sidan 1997. Her er samla arkivmateriale for kommunen, lag og organisasjonar og for privatpersonar. Dei har i den siste tida jobba mykje med digitalisering av bilete og har registrert omtrent 1500 bilet (3000 bilet er innsamla).

### **Mål:**

Hemsedal Bygdearkiv skal samle inn, ordne, registrere og ta vare på handskrive-, trykt og kopiert materiale, fotografi, film-, video-, og lydbandopptak som gjeld kommunen, same kva emne det inneheld.

Gje innbyggjarane i Hemsedal tilgang ved faste opningstider.

### **Tiltak:**

Synleggjera Hemsedal Bygdearkiv – slik at fleire vert klar over tilbodet og vert flinke til å levere og få registrert arkivverdig materiale.

## **20. IDRETT**

### **Status:**

#### **TILRETTELEGGING FOR FYSISK AKTIVITET**

Innbyggjarane i Hemsedal kommune må kunna vera aktive kvar dag etter eige ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Hemsedal kommune skal saman med lag og organisasjonar leggja til rette for fysisk aktivitet gjennom å ta vare på eksisterande anlegg.

Hemsedal kommune har utarbeidd anleggsplan som blir rullert kvart fjerde år, neste gong i 2011.

Hemsedal har mange og gode anlegg for fysisk aktivitet: Trøimshallen, Gravset skistadion, Idrettsplassen, Skytebanen, golfbanar, løpenett for langrenn, tur-/sykkelstigar og Hemsedal skisenter i tillegg til nærmiljøanlegg rundt om i Hemsedal. Hemsedal kommune er heldige med mange frivillige organisasjonar som frontar idrett og fysisk aktivitet.

Idrettslaget har i dei seinare år vakse sterkt med mange fleire undergrupper. Dette gjer at lokale som før stod tome på kveld og ettermiddag, er i aktiv bruk minst 4 dagar i veka.

Dette gjeld gymsalane ved Tuv og Ulsåk skular i tillegg til garderobebygget. Trøimshallen vert brukt meir, spesielt med ulike arrangement i helga.

Reguleringsplanen for Gravset er no vedteken og neste steg der er å stabilisere grunnen over myrane slik at ein kan kome i gang med skiaktivitet tidleg på vinteren. Utvikle skistadion-området, opparbeide skileikområdet og utvide parkeringsarealet.

Idrettslaget ynskjer å få til ein plan for utvikling av idrettsstadion med banar for ulike aktivitetar som til dømes 7-er fotballbane med gras, tennisbane, volleyballbane, friidrettsbanar, skøytebane, skatepark m.m., og ynskjer at idrettsstadion vert ein naturleg møteplass både for organisert og uorganisert sportsleg aktivitet.

#### **Mål:**

- Eksisterande anlegg skal ivaretakast, samstundes skal det etablerast nye i aktuelle område.
- Hemsedal kommune vil framheva verdien av fysisk aktivitet for folk si helse og trivsel..
- Betre rammevilkår.

#### **Tiltak:**

- Stimulere og legge til rette for at det frivillige arbeidet har dei beste arbeids- og rammevilkår og på den måten kan halde fokus på aktivitetane sine.
- Rullere anleggsplan for idrett.
- Stimulere til lågterskel-tilbod for fysisk aktivitet.
- Anlegg med høg bruksnytte skal prioriterast.
- I overordna planlegging og reguleringsplanar skal det leggjast til rette for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det lettare å vera i fysisk aktivitet.
- Gjera kjent lokale og nasjonale tilskot.
- Stimulere til aktivitet gjennom tildeling av kulturmidlar.
- Ha fokus på energi, miljø og universell utforming ved bygging og drift av anlegg til idrett og friluftsliv.

Lag og organisasjonar søker om kulturtilskot, der aktivitetar for barn og unge vert prioritert. Kulturdepartementet deler ut spelemidlar til bruk ved anleggsutbygging. Hemsedal kommune søker saman med utbyggjar.

## **21. KULTUR, NATUR OG FRILUFTSLIV**



Kommunen skal sikre verneverdige natur- og kulturmiljø for framtida. Kommunen skal legge til rette for aktivitet i naturen. Det blir i åra som kjem viktig å leggje tilhøva til rette for fysisk aktivitet og ha gode tilbod innan lågterskel-aktivitetar i nærmiljøet, spesielt på tettfolka stader med stor forventa tilvekst. Her må det vere lett tilkomst til naturen.

Kulturlandskapet er i sterk endring, særleg ved gjengroing. Dette vil innsnevre bruken av naturen og tilsløre det visuelle kulturlandskapet.

Hemsedal har mange fine område for friluftsliv, og det å gjere flest mogleg oppmerksame på opplevelingane naturen i Hemsedal gir, vil bli ei utfordring i perioden.

### **Mål 1:**

- Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område.

### **Tiltak:**

- Tiltak i samarbeid med grunneigarar/ landbruk for å hindre gjengroing av kulturlandskapet.
- Lage vedlikehaldsplan for offentlege friluftsområde. Sikre grøne korridorar mot dei større friluftsområda, tryggje turvegar i nærmiljøet, ved skular, barnehagar, i bustadområda og tettstader og leggje til rette for parkeringsplassar ved innfallsportar til dei store og viktigaste friluftsområda.
- Vidareutvikle og vedlikehalde skiløypene, turstigane, toppturane

## **22. BARN OG UNGE**

### **OM Å SATSE PÅ BARN OG UNGE**

Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gir grobotn for gode oppvekstvilkår. Det er såleis viktig at barnekulturpolitikk blir ein del av kvardagen på alle område i forvaltninga og på den politiske dagsordenen. Fysisk aktivitet og allmenn kulturell opplysning er med på å auka livskvaliteten og helsa til barn.

Hemsedal har også innbyggjarar frå mange ulike kulturar, og kultursektoren har i oppgåve å skapa forståing og respekt mellom ulike kulturar. Det er då spesielt viktig å ha fokus på barna.

Kultur og annan aktivitet i fritida er ein verdi i seg sjølv, og i et velferdssamfunn bør barn og unge bli møtt med varierte fritidstilbod. Ungdomstida representerer ein fase i livet som med sine kvalitetar, spenningar og opplevingar har sin eigen verdi, og nettopp derfor skal offentlege midlar brukast for å sikra gode kår i fritidssektoren. Den kommunen som investerer i gode oppvekstvilkår, har mykje å vinna.

#### **Mål :**

- Barn og unge skal vera aktive medlemer av lag og organisasjoner
- Leggja til rette for ulike uttrykksformer.

#### **Tiltak:**

- Leggja til rette for gode aktivitetar retta mot barn og unge.
- Utvikla bruk av moderne teknologi i formidling av ungdomskultur mellom hemsedalsungdom og ungdom andre stader.
- Leggja meir av det Hemsedal-ungdommen skaper, ut på internett.

## **23. VENNSKAPSKOMMUNESAMARBEID**

Hemsedal kommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement med sikte på å fremje gjensidig kulturforståing og styrke Hemsedal kommune som ein attraktiv, internasjonal samarbeidspartnar innan kultur og fritid. EØS-avtalen skal danne grunnlag for finansiering av ulike prosjekt.

Hemsedal kommune har i dag vennskapskommunar i Essunga i Sverige, Kalvola i Finland og Tørva i Estland.

Hemsedal Musikk og kulturskule hadde i skuleåret 2010/2011 eit stort praktisk kultursamarbeid med Estland. Først hausten 2010 med besøk i Estland med ca. 30 norske ungdomar og i mars 2011 gjenbesøk av 30 estiske ungdomar. Begge besøka vart avslutta med flotte konserter. Erfaring frå dette Estlandsprosjektet viser at involvering av ungdommar med besøk og gjenbesøk gjev ny og betre grøbotn for vidare samarbeid. Dette er med på å styrke vennskapsbanda i samarbeidet.

**Mål:**

- Auke internasjonalt engasjement og fremje gjensidig kulturforståing.

**Tiltak:**

- Gruppeutveksling

## **24. LAG OG ORGANISASJONAR**

### **DEI FRIVILLIGE ORGANISASJONANE**

#### **Mål 1:**

- Betre rammevilkår for lag og organisasjonar.
- Auke kompetansen i lag og organisasjonar.
- Oppretthalde ein god dialog mellom kommunen og lag/ organisasjonar.
- Hemsedal kommune må leggje forholda til rette slik at barn og unge blir aktive.

#### **Tiltak:**

- Ta sikte på at ramma for den økonomiske støtteordninga til lag og organisasjonar vert auka.
- Hemsedal kommune skal vera ein samarbeidspartner for utvikling av det lokale organisasjonslivet.
- Bidra til at det blir halde kurs i styrearbeid, økonomi, bruk av internett, frivillig register og liknande.
- Leggje til rette for elektronisk søking om kulturmidlar.
- Stø opp om lokale prosjekt som legg vekt på aktivitet, sosial kontakt, utfordringar og spenning.
- Samordne lågterskel-aktivitet for menneske med spesielle behov.
- Informere og stimulere til tilrettelegging og utforming av aktivitet.
- Spreie informasjon om eksisterande aktivitetar.

## **25. OVERSIKT OVER LAG OG ORGANISASJONAR**

#### **Song og musikk**

Hemsedal hornmusikklag

Hemsedal spelemannslag

Hemsedal trekkspellag

#### **Born og unge**

Hemsedal kr. ungdomslag

Hemsedal sundagsskulelag  
Samhald ungdomslag  
S-klubben Dvergbjørken  
Ulltrøya 4H

### **Idrett og friluftsliv**

Auriviili  
Gol og Hemsedal Røde Kors  
Gol og Hemsedal Røde Kors, nattevandrar  
Hemsedal fiskeforening  
Hemsedal fuglevernforening  
Hemsedal golfklubb  
Hemsedal idrettslag

- Allidrett
- Alpin
- Bordtennis
- Fotball
- FreeXsport
- Hemsedal Wado Ryu Karate
- Langrenn
- O-gruppa
- Trim
- Volleyball
- Sykkel
- Brett

Hemsedal jegerforening  
Hemsedal skyttarlag  
Naturvernforbundet i Hemsedal

### **Andre lag og org**

Busk Mål AS  
Gol og Hemsedal hørselslag  
Grøndalen kvinneforening  
Grøthe og Jordheim kvinneforening

Hemsedal bondekvinnelag  
Hemsedal bondelag  
Hemsedal og Gol bonde- og småbrukarlag  
Hemsedal pensjonistlag  
Hemsedal helselag  
Hemsedal historielag  
Hemsedal husflidslag  
Hemsedal LHL  
Hemsedal Mållag  
Hemsedal Normisjon  
Hemsedal Røde Kors Nattevandrar  
Hemsedal skogutval  
Human-Etisk forbund, Hallingdal lokallag  
Lions Club Hemsedal  
Lio kvinneforening  
Løken kvinneforening  
Numedal og midtre Hallingdal lag av Norske redningshunder  
Thorset kvinneforening  
Trøim kvinneforening  
Tuv kvinneforening  
Veslevaksne  
Aalrust kvinneforening

## **26. ORGANISERING**

100% Oppvekstsjef innanfor kultur, barnehage og skule

Fritidsleiar i 60% stilling har ansvar for desse oppgåvene:

- Drift av ungdomsklubben, Den kulturelle skulesekken, Ungdomsrådet, Ungdommens kulturmønstring, Budsjett og diverse administrativt kontorarbeid

Kulturkonsulenten i 30% stilling har ansvar for desse oppgåvene:

- Spelemidlar, Kulturmider, Kulturpris, 17. Mai nemnda, Kontakt med lag og organisasjonar, Trussamfunn, Hallingdal Museum, Hallingdal Teaterverkstad, Plan for idrett og fysisk aktivitet, Den kulturelle spaserstokken, Bygdeboknemnda, Kulturforum, Stadnamngruppa, Bygdearkivet, Kulturmelding

## **27. BUDSJETT TIL KULTURELLE AKTIVITETAR**

Ansvar 2010- Oppvekstsjef og ansvar 2400- Musikk- og kulturskulen

Art	Teneste	i kr.	i kr.
14700	2311 Aktivitet barn og unge		134000
14700	3603 Friluftsliv	238000	
14700	3771 Musikk		91000
14700	3772 Teater/Film		46000
14700	3802 Idrettsaktivitet		65000
14700	3851 Allmenn kultur		70000
14700	3853 Tilskudd lag og organisasjoner		204000
	<b>Samla overføring til andre</b>	238000	<b>610000</b>
			848000
14700	3751 Hallingdal Musum avtalefesta	108000	
	3857 Bygdearkiv	37000	
	3861 Kulturhus/samfunnshus	56000	
	3901 DNK inkl K-vedtak 85 000 kr	1249000	
	3921 Andre trossamfunn	35000	
	2311 Ungdomsklubben	308000	
	3851 Allmenn kultur	156000	
	3701 Bibliotek	1242000	
		3191000	3191000
	Diversepostar tj. 3603,3771,11209		47000
	<b>Samla Budsjett år 2011 Teneste 2311-3921</b>		<b>4086000</b>
Eigedomsavdelinga	Musikk- og kulturskulen		<b>1065000</b>
	Vedlikehald 2011 (må reknast med 2012)		0
	Forsikring 2011		40000
	Straum, reinhald er vanskeleg å splitte		

### **Synleggjering kva løn utgjer på klubben og til kulturkonsulent**

Art		
10100:10990	Klubben	282000
10100:10990	<u>Kulturkonsulent 132000</u>	
	<u>Samla</u>	<u>414 000</u>

Teneste 3603 Friluftsliv - står urørt og kan gå inn som sparetiltak. Sist føring fann stad i 2007 - Nemnda for utmarksbruk.

Samla sum art 14700 = Overføring til andre ligg i budsjettet med 610 000 kr. med fråtrekk av Friluftsliv. Det vart i 2010 delt ut kulturmidlar for til saman 400 000 kr . Våren 2011 vart det delt ut 313 000 kr. Det vart tildelt 164 000 kr. i oktober 2011.

### **Spørsmål til ettertanke:**

Ein må ta stilling til om det skal vera rom for å gje tilskot utanom kulturmiddel-tildelinga t.d. til konserter, forfattarbesøk etc. Kor mykje skal stå att etter at kulturmidlane er tildelt?

Ein må ta stilling til høveleg fordeling mellom lønsmidlar og anna bruk av kulturelle midlar. Bør det avsetjast midlar til vedlikehald og drift av bygg som vederlagsfritt blir brukte av lag og organisasjoner?

## **28. ETTERORD**

Kommuneplanen legg føringer for kva som skal vektleggjast i tida fram til 2021.

I lov om offentlege styresmakter sitt ansvar for kulturverksemd (kulturlova) (nr. 89/2007) står det følgjande i § 1

*Lova har til føremål å fastlegga offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk.*

Denne kulturmeldinga viser kor omfattande kulturområdet er. Vi finn kultur innan alle sektorar. Det ligg føringer frå stat og fylke, kommunale samarbeidsorgan med avtalar samt kommunale ynske for bygda sitt kulturliv, for å nemna noko av mangfaldet.

Kulturlivet er viktig for å jamne ut forskjellar, engasjere, sikre deltaking og det å bli sett. Vi har mange lag og organisasjonar som legg ned mange dugnadstimar og gjer eit utruleg viktig arbeid for barn, unge og eldre. Det vert skapt møteplassar for menneske med ulike interesser og behov.

Hemsedal kommune har lagt til rette for dette gjennom å tilby gratis bruk av hus samt gje tilskot til drift gjennom tildeling av midlar.

Kulturlivet på grasrota, det daglege jamne arbeidet som skjer kvar einaste veke på dagtid, ettermiddagstid og kveldstid er av stor verdi for svært mange.

Barn og unge brukar store delar av fritida innanfor den kulturelle arenaen, song, musikk, sport, teater for å nemna noko. Her er det opne arenaer der ein kan møtast likeverdig uansett etnisk tilhør, språk, religion, livssyn og funksjonsevne. Relasjonar vert bygde og vennskap kan utviklast.

Resultatet av å satse på eit rikhaldig kulturliv og leggje til rette for at det kan blomstre kan vanskeleg målast i kroner.

Vi må ikkje gløyme arbeid rundt kulturminne og utarbeiding av ein kulturminneplan. Kulturlandskapet skal vi ta vare på gjennom ei aktiv forvaltning.

Kulturformidling til barn og unge er eit viktig satsingsområde for at kulturarven vert sikra for framtida.

Vi vil få takke alle som har teke seg tid til å svare på spørsmål og bidrege midt i ein hektisk kvardag!

Marit Huso  
Kulturkonsulent

Gunn Berit Mythe Nergård  
Oppvekstsjef